

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2018, 18.09.2018

INTERNPRAKSISEN ER I GANG - NÆRNETT, NÆRSYNET, RADIO VOLDA, NÆRAVISA ...

Journaliststudentane er i gang med haustens vakreste eventyr - intern praksis i journalistikk. Nye nyhende frå Volda og Søre Sunnmøre: www.nerrett.no

OLA EINANG FEKK UTDANNINGSPRISEN FOR 2018

Ola Einang ved Avdeling for kulturfag har fått tildelt Høgskulen i Voldas pris for utdanningskvalitet for 2018. Det var høgskulestyret som i førre møte tildelte prisen til Einang. Prisen blir delt ut på årets felles førjulsfest. Her er statuttane for prisen: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/kvalitetsarbeid-ved-hogskulen-volda/pris-kvalitet-utdanninga-statuttar>

OVER 4.000 STUDENTAR VED HVO – OGSÅ I 2018

Hausten 2017 vart det registrert rekordmange studentar ved Høgskulen i Volda: 4.184 studentar viste den endelege opptellinga i oktober. Så langt hausten 2018 er det også mange studentar, og denne veka passerte vi 4.000 studentar – og tel framleis. Det er også somme kurs som ikkje har starta og mange studentar difor ikkje har registrert seg enno.

<https://www.hivolda.no/studentsorvis/rekordmange-studentar-ved-hogskulen-volda>

DOBBELDISPUTAS 14. SEPTEMBER

Fredag 14. september vart ein merkedag på Høgskulen i Volda då både Torhild Høydalsvik og Mette Vårdal disputerte. Høydalsvik disputerte ved OsloMet, og Vårdal disputerte ved UiB.

Mette Vårdals disputas: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/mette-vardal-har-disputert-ved-uib>

Torhild Høydalsviks disputas: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/torhild-hoydalsvik-har-disputert-ved-oslomet>

TRIPPELMARKERING 20. JUNI 2019

Historisk institutt arrangerte torsdag 6. september ope seminar om historieskriving for UH-institusjonar generelt, og HVO spesielt. På seminaret argumenterte Oddbjørn Melle for at ein viktig fødselsdato for Høgskulen i Volda er 20. juni 1969. Då vedtok Stortinget å opprette tre DH-institusjonar - blant anna DH i Volda. I 2019 er det også 25 år sidan samanslåinga av DH-skulen og Volda Lærarhøgskule i 1994. Og så vil truleg og vonleg dei første spadetakane på Sivert - nybygget for mediefaga - bli teke i juni 2019. Så dette blir både sommaravslutning og ei aldri så lita jubileumsmarkering.

PRESENTASJON AV NYBYGGET "SIVERT AARFLOT-HUSET" (MEDIETHUSET)

Det nye mediehuset med prosjektnamnet "Sivert Aarflot-huset" er ute på anbod, og dei innkomne tilboda vart opna 5. september og presenterte 12. september. Dei innkomne tilboda vart presenterte i form av plakatar som vert ståande ei stund i kantina i Berte Kanutte-huset.

For høgskulens del vert den interne vurderinga av prosjekta avslutta med tilråding og vedtak i høgskulestyret 6. desember, før regjeringa skal på banen og godkjenne prosjektet gjennom eit regjeringsnotat i februar/mars.

<https://www.hivolda.no/hivolda/utstilling-av-forslag-til-nytt-mediebygg>

FORSKINGSDAGANE 2018: FOU-PRIS TIL SIV MÅSEIDVÅG GAMLEM

Offisiell opning av Forskingdagane i Volda blir fredag 21. september med utdeling av FoU-prisen for 2018 til førsteamanuensis Siv Måseidvåg Gamlem. Forskingdagane har arrangement i Volda, på Sæbø, i Ulsteinvik og i Fosnavåg. På nettsida nedanfor finn du både programheftet og omtale av einskildarrangement i regi av Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/forskning/forskingdagane/forskingdagane-2018>

KUNNSKAP I VEKST ER AVLYST

Årets konferanse skulle bli arrangert på Høgskulen i Volda 4. oktober, men har altså vorte avlyst.

NY RUNDE MED ARBEIDSMILJØKARTLEGGING (ARK)

Alle tilsette ved Høgskulen i Volda vil i haust bli inviterte til å delta kartlegginga av arbeidsmiljøet gjennom undersøkinga ARK. Den førre undersøkinga vart gjennomført i 2015, og det er normal turnus at undersøkinga blir gjennomført kvart tredje år. Det er NTNU som er fagleg ansvarleg for undersøkinga. Solbjørg Nossen Leite er lokal kontaktperson for ARK ved Høgskulen i Volda.

STUDIEBAROMETERET BLIR GJENNOMFØRT I TIDA ??

Den årlige kvalitetsundersøkinga Studiebarometeret blir gjennomført i tida??

<http://www.studiebarometeret.no/nn/>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

Hausten 2018

- 19.-27.9. Forskingsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/forskingsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 5.10. Seminar på HVO: Kompetansebehov og -strategi for Møre og Romsdal (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal m.fl.)
- 8.10. Framlegg til statsbudsjett blir presentert av regjeringa
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen): <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO: <https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018, Ålesund: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>
- 7.11. Fagdag om eteforstyrningar: <https://www.hivolda.no/fagdag/spiseforstyrningar>
- 8.-11.11. Fellesadministrasjonen på reise til London
- November: Rektorval
- 6.12. Styremøte 7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

Viktige datoar i 2019

- 20.6.2019: 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
- Semesterstart 2019-2020, tysdag 20. august 2019.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

Helsing til doktorand Torhild Erika Lillemark Høydalsvik i høve disputasen 14. september:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/09/17/helsing-til-doktorand-torhild-erika-lillemark-hoydalsvik/>

Orientering til høgskulestyret (13.9.2018), om struktursaka, GLU, byggesaka, SHOT-undersøkinga og forventningar til statsbudsjettet:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/09/17/orientering-til-hogskulestyret-13-september-2019/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>